

Segla for sunn mat

HÅVARD HYSTAD

Søndag føremiddag og til litt ut på ettermiddagen låg ei vakker skute til kai i Leirvik. Ved første augnekast verka ho kjend, med neste meir usikker. Ho var for liten til å vera «Mathilde», og ved nærare ettersyn fann me at det var sjølvaste «Restauration» som låg til kai. Og det med ein god bodskap i lasta.

Funkibator

S/S «Restauration» er ikkje ei kva som helst seglskute, det er ein tru kopi av den første båten som drog med emigrantar til Amerika. Restaurent på Finnøy, der den første turen gjekk frå, og der toktet den stolte skuta no var ute på starta 29. juli.

Denne gong endar det opp i Haugesund ved kai i Indre Hamn i samband med Sunnmat Festival og Rehabiliteringskonferansen som starta 3. august og går over tre dagar med eit omfattande og stort program, fagleg så vel som matnyttig.

Funkibatorseglasen, som det er kalla, skal vera med på å markera nemnde samling. Og turen dei har gjennomført desse dagane er også eit slag for Friluftslivets år, seier Funkibator Geir Arne Hageland til Sunnhordland på ein kai der sola stråler, og maten putrar over leirbål (i bålpanne).

Ingen grenser

Hageland driv Funkibator og har teke initiativet til turen saman med ven og turkollega Kjell Bjelland.



Kopi av emigrantskipet «Restauration» på besøk i Leirvik. F.v.: skipper Egil Nylund, Geir Arne Hageland og Kjell Bjelland. BEGGE FOTO: HENRIK MUNDAL ANDREASSEN

– Me har begge bidrege med foredrag i framkant av Rehabiliteringskonferansen, difor er det naturleg at me også fysisk syner kva me står for, seier han, og legg til at etter tv-programmet «Ingen Grenser» har det vore jamleге samlingar der friluftsliv har stått sentralt, og me engasjerer oss no aktivt ut over det, med same bodskapen.

Nei, dei var kanskje ikkje heilt vanleg mannskapet om bord på «Rastautation» denne turen, men dei meis-

tra det dei skulle, og dei skapte glede på kaikanten med leir og bål. Og, eg tillot meg å tjuvlytta litt til kapteinen; Han skrytte uhemma av mannskapet som vågar og som gjennomfører. Slik mannskapet på S/S «Restauration» gjorde for eit drygt hundre år sidan.



«Restauration» kasta glans på Leirvik søndag, før skipet sette kurs for Haugesund.

på tavlo

Marknads plass kvar tysdag

Kr 20,- pr. line (min. 3 liner)

- Fakturatillegg kr 20,-
- ikkje kunngjeringar
- Skriftleg
- Faks. 53 45 00 01
- Innan måndag kl. 10
- Gå inn på sunnhordland.no eller bruk kupongen

OVERSKRIFT: _____

Hugi mellomrom

Navn: _____

Adresse: _____

Postnummer/poststad: _____

Telefonnummer: _____

Innrykksdatoar: _____

På nett 1 veke for 30 kr ekstra
Berre salg/kjøp for private!

Sunnhordland



Bladet Sunnhordland AS
Svarsending 7854
0097 OSLO